

Felles satsing på biblioteket

16.08.2011



Kvartett som ser fram til at bibliotekhyllene skal bli fylte med fleier bøker: Odd Steinar Arnesen, Elisabet Amundsen, Rannveig Helleland og Marianne L. Bjørnebøle

Leseutvikling er eit prioritert område ved Uskedalen oppvekstsenter og skulen og barnehagen vil satse vidare på fellesprosjektet som er kalla Trengsel på biblioteket.

Biblioteket skal vere hjarta i oppvekstsenteret og biblioteket skal innby til lesing og fagleg utvikling, blir det understreka i verksemdsplanen for det skuleåret som blir innleia i morgen.

Målsettjinga er at alle borna i skulen og barnehagen skal nytta biblioteket minst ein gong for veka.
Det skal ha eit innhald som gir leseglede og leselyst, og vera ein plass der ein kan søkje informasjon til tema og oppgåver i alle fag.

Biblioteket er i tråd med denne målsettjinga under oppbyggjing og ikkje minst nynorsk-senteret i Volda har så langt stilt seg positivt til satsinga.

Skulen har fått 15.000 kroner frå dette senteret til kjøp av nynorskbøker til dei to lågaste klassane.
Det samme senteret har liggjande ein søknad frå skulen om innkjøp av fleire nynorskbøker til biblioteket, men har førebels ikkje fått svar. Det er venta i denne eller neste månad.

Også barnehagen har fått løyving av 15.000 frå senteret til kjøp av barnebøker på nynorsk og barnehagen har også fått 10 000 av kommunen til språkstimulering.

Førebels er det med andre ord løyvd 40 000 til bibliotek-satsinga i
Uskedalen.

I handlingsplanen for det nye skuleåret heiter det at alle elevar skal
vera aktive lesarar før dei sluttar ved skulen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen